

Retningslinjer for trygging av studioopptak

Opptaks og avviklingssituasjon:

- Prosjektansvarleg må ha ansvar for, anten sjølve eller delegert, at det vert laga klårt definerte prosjektnamn for opptak, avvikling og vignetter jf standard synt nedanfor
- Prosjektansvarleg må og ha ansvar for, anten sjølve eller delegert, at det vert gjort opptak på band, anten parallelt med opptak til Unity eller med umiddelbar utspeling i etterkant av opptak. Bandet må merkast á la det som synt nedanfor og arkiverast, anten på utstyrslageret eller på lageret på gangen i C-bygget. Me vil då vera sikra at det finst eit masterband av alle program for all ettertid. Desse skal ikkje leverast ut til nokon instans utanfor huset. **Om programmet skal ut av huset til utsending skal det lagast kopi.**

Lagrings og slettesituasjon

- Prosjektansvarleg må ha ansvar for å fylgja opp meldingar om nær føreståande sletterundar på Unity for å gje attendemeldig om kva som skal takast vare på.
- Teknsik driftsansvarleg må i samband med ein slette og oppryddingssituasjon ha ansvar for og plikt til å syna særskild varsemnd i høve til materiale tilhøyrande prosjekt merka jf standard og ta ein ekstra førespurnad til prosjektansvarleg om statusen til desse prosjekta før ev. sletting av desse skjer.

Namngjeving av prosjekt:

Kva	Standard for namngjeving	Døme på namn
Opptak	[Prosj.ansv.] [Program] [nr] [dato] OPPTAK	"Torfinn Utsnitt 3 080507 OPPTAK"
Avvikling	[Prosj.ansv.] [Program] [nr] [dato] AVVIKLING	"Torfinn Utsnitt 2 080430 AVVIKLING"
Vignett	[Prosj.ansv.] [Program] [h el. v](vår el. haust)[årstal] VIGNETT	"Torfinn Utsnitt v08 VIGNETT"